



Martin Yri Røssland er aspirant i skulemusikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den tradisjonelle avslutningskonserten for kulturskolen vart avvikla på Helgheim tysdag kveld og elevane imponerte med kva dei har lært på stutt tid.

Det gjeld til dømes dei nye aspirantane i skulemusikken, som dirigent Anders Christensen tydelegvis har ei lukkeleg hand om.



Katrine Yri Røssland, Anne Marte Guddal Zimmer og Ingebjørg Haugland spelar saman med lærar Kjell Skarsfjord. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ellers spelar skulemusikken 'eventyret til Rybakk' betre for kvar gong og denne gongen hadde dei denne som ein feiande slutt på sin innleiande avdeling.



Lærar Elena Pasichnyk spelar saman med Mia og Sunniva Myklebust og Maren og Ingeborg Bjørnebøle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne gongen sakna vi gitar-innslaget som tidlegare har vore solid frå Uskedalen, men heldigvis kjem gitaristane tilbake.

Vi skal slett ikkje setta opp ei karakterliste her, men har trong for å få fram at strykar-lærar Elena Pasichnyk frå Ukraina spela spesielt godt saman med elevane sine.

Det var Kjell Skarsfjord som leia konserten denne gongen og også spela cello saman med ei elevgruppe. Også fleire messing-grupper imponerte, særleg dei som avslutta med kjenningsmelodien frå James Bond-filmane.

Av Ola Matti Mathisen